

Forskrift om vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå

Juni 2025

Innleiing

Kommunane i Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune samarbeider i eit «kommunalt oppgåvefelleskap» (KO) – Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV) – om å løyse arkivoppgåver. Det er gitt klarsignal frå Kommunal og Distriktsdepartementet (KDD) til å søke om å delta i forsøksordninga for å teste ut ein ny måte å organisere dette samarbeidet på, nemleg gjennom vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå.

For at dette forsøket skal bli noko av må alle kommunane i KAV vedta ny forskrift og stille seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Departementet må godkjenne forsøket og stadfeste forskrifta om forsøk, som vert gjeldande i forsøksperioden.

Bakgrunnen for høyringsnotatet og ny forskrift

Bakgrunn og behov: Kommunane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen, først Sogn- og Fjordane fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, har hatt eit godt arkivsamarbeid i snart 40 år. Fleksibiliteten og evna til å justere seg etter nye behov har vore nøkkelen til suksess. Dokumentasjonsmengda har auka kraftig, og frekvensen av omorganiseringar har vore hyppigare. Kommunane blir meir ulike, og behova endrar seg. Paradigmeskiftet frå analog til digital dokumentasjon har også påverka oss. Eit rigid regelverk kombinert med strenge krav til organisasjonsform gjer oss mindre effektive.

Organisering som vertskommunesamarbeid kan gi oss ei enklare og meir treffsikker organisering, som igjen kan sikre gode tenester innanfor eksisterande økonomiske rammer og ruste oss for framtidige behov. Vertskommunesamarbeid er ein administrativt enklare form for organisering. Dette er noko ein vil få testa ut i forsøksperioden.

Gjeldande organisering: I dag opnar ikkje lovverket (kommunelova kap. 20) for vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, då vertskommunemodellen er innretta mot å løyse lovpålagde oppgåver, som typisk er lagt av lovgivar til eit bestemt forvaltningsnivå. KAV vart endra frå eit '§27-samarbeid' etter tidlegare lov til eit Kommunalt oppgåvefelleskap etter kap. 19 i den noverande kommunelova i 2019. Organisering i vertskommunemodell vart på det tidspunktet ikkje vurdert, fordi det ikkje var opning for det i lovverket.

Forslag til ny måte å organisere samarbeidet på: Kommunearkivordninga i Vestland ønskjer å delta i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivåa, på fagområdet om dokumentasjon og arkiv som skal bevarast for ettertida og som er overførte til langtidsbevaring. Vestland fylkeskommune skal vere vertskommune. Det er opning for dette som eit forsøk med heimel i lov om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven). KAV og fylkeskommunen har sendt inn førebels søknad og prosjektet er etter dette førebels godkjent av KDD. Representantskapet i KAV har stilt seg positiv til at forskrift og etter kvart søknad til KDD vert sendt til handsaming i kommunane. Neste steg er positive vedtak i alle kommunestyra og fylkestinget før endeleg søknad kan sendast inn.

Gevinstar og konsekvensar:

- **Meir effektiv administrasjon:** I eit vertskommunesamarbeid vil dei gjeldande økonomiske rammene vidareførast, men i løpet av forsøksperioden har vi som mål å sjå konkrete innsparingar i administrasjonskostnader. Ein vil ikkje lenger ha behov for eit styre og eit representantskap, ein treng ikkje ha ein eigen dagleg leiar, ein må ikkje vere registrert i Brønnøysundsregisteret, og ein vil ikkje trenge eige rekneskap og eigen revisjon. Alt dette vil spare kommunane og fylkeskommunen tid og ressursar som i første omgang vil gå til å styrke og forbetre våre tenester for kommunane.
- **Kommunane sin råderett over arkiva:** Eit vertskommunesamarbeid vil ikkje medføre endring i råderetten over arkivmaterialet. Arkivverket skriv i ein av sine rettleiarar om det å setje ut arkivoppgåver til eksterne: «*Dere kan delegere konkrete oppgaver og myndighet for alle fasene i arkivets livsløp, men dere kan aldri delegere selve ansvaret ut av virksomheten.*»
- **Økonomi:** Vertskommunen har økonomisk ansvar for samarbeidet, og alt som har med kompensasjon å gjere skal nedfellast i samarbeidsavtalen kvar kommune har med vertskommunen. Modellen med kostpris for tenester og depot vert vidareført. Sjølv om samarbeidet KAV i seg sjølv ikkje treng rekneskap og revisjon under ny organisering vil det lagast revidert grunnlag for rett fordeling av kostpris mellom deltakarane på ein måte som sikrar at den einskilte deltakar sin del kan reviderast av den einskilte deltakar sin eksterne revisor.
- **Tilsette og roller i KAV:** Det å gå vekk frå modellen med styre og representantskap vil gje ein enklare organisasjonsmodell, og vil gjere det enklare å følgje ein modell med linjeleiing for både leiar og tilsette i KAV.
- **Tettare samarbeid mellom dei arkivfaglege miljøa:** I Vestland fylkeskommune er dagens involvering i KAV organisert som ein del av seksjon arkiv, i avdeling for kultur og folkehelse, saman med fageininga Ikkje offentlege arkiv (IOA). Til saman har seksjonen over 20 arkivfagleg tilsette med kompetanse på private og offentlege, analoge og digitale arkiv. Dette er eit viktig fagmiljø som vi ønskjer å styrke på best mogeleg måte og vidare. Enklare organisering kan og forenkle tettare samarbeid med kommunane sin arkivfaglege administrasjon for felles utveksling av erfaring med meir.

Potensielle gevinstar på sikt

Innanfor eit vertskommunesamarbeid er det, i motsetning til i eit KO, mogeleg for samarbeidskommunane å delegere mynde til vertskommunen. Det vil med andre ord vere mogeleg for ein kommune å inngå ein avtale med vertskommunen om ekstratenester som til dømes innsynshandsaming. Slik delegering vil måtte vedtakast av kvart enkelt kommunestyre, og det vil fungere som ei ekstrateneste. Dette er ikkje noko vi legg opp til i første omgang.

Prosessen

Fullførte steg i prosessen:

- Førebels søknad om å delta i forsøksordninga vart sendt til KDD september 2023
- KDD godkjende førebels søknad i mai 2024
- Representantskapet støtta styret sitt framlegg om å gå vidare med søknadsprosessen i mars 2025
- KAV ferdigstiller forslag til ny forskrift og høyringsnotat (sjå vedlegg) i april 2025
- KAV og fylkeskommunen utarbeida forslag til ny forskrift og høyringsnotat i april 2025

Prosessens vidare:

- Kommunane i oppgåvefellesskapet legg til rette for innspel frå tilsette og andre som forsøket får konsekvensar for, enten gjennom høyring eller ved å hente inn innspel på anna måte.
- Kommunestyra/fylkestinget handsamar og vedtek forskrift
- Kommunestyra/fylkestinget handsamar og vedtek søknad til KDD
- Dersom alle kommunane stiller seg bak, vert endeleg søknad om å delta i forsøkskommuneordninga i inntil fire år sendt til KDD.
- Ved positivt svar frå KDD vert det utarbeida samarbeidsavtalar som erstattar dagens vedtekter/samarbeidsavtalar.
- Kommunestyra vedtek samarbeidsavtalar og delegeringsinstruks for vertskommunesamarbeidet i forsøksperioden
- Etter forsøksperioden er utgangspunktet at ein går tilbake til eit KO etter reglane i kommunelova. Har lova blitt endra slik at det er opna for ei organisering som i forsøket, vil ein kunne halde fram med organiseringa.

Forskrift på høyring

UTKAST TIL FORSKRIFT OM FORSØKSORDNING OM VERTSKOMMUNESAMARBEID PÅ ARKIVOMRÅDET

Heimel: Fastsett av Askvoll kommunestyre xxxx (+17 – her set vi inn alle kommunane og dato for vedtak i det enkelte kommunestyre) og Vestland fylkesting xxxx med heimel i lov 23. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven).

Stadfesta av Kommunal- og distriktsdepartementet xxxx med heimel i lov 23. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven), jf. delegeringsvedtak 11. desember 1992 nr. 1050.

§ 1 Verkeområdet

Forskrifta gjeld forsøk om samarbeid mellom kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik og Årdal i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune for å løyse oppgåver knytt til dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida og som er overførte til langtidsbevaring. Samarbeidet skal organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kapittel 20.

§ 2 Formål

Formålet med forsøket er å gje erfaring med ein enklare samarbeidsmodell som tek sikte på å gje ei betre organisatorisk ramme kring samarbeidet.

Formålet med forsøket er også å innhente kunnskap og erfaring med administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

§ 3 Forholdet til kommunelova

Ved forsøk med vertskommunesamarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar skal føresegnene i kommunelova gjelde med dei unntak, presiseringar, tilføyningar eller endringar som følgjer av denne forskrifta.

§ 4 Unntak frå kommunelova

Avgrensinga i kommunelova kapittel 20 om at vertskommunesamarbeid ikkje kan skje på tvers av dei kommunale nivåa gjeld ikkje.

Samarbeidet skal organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 20-2 i samsvar med kommunelova kapittel 20.

§ 5 Når forskrifta vert sett i kraft og forskrifta si varigheit

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2026. Forsøket skal seinast sluttast av fire år etter at forskrifta er sett i kraft.

Merknader til forskriftas paragrafer:

Til § 1

Her nemnast kva for nokre kommunar og kva for ein fylkeskommune ordninga gjeld for. Det er høve til at fleire kommunar i Vestland fylkeskommune kan omfattast av samarbeidet. Det krev endring av forskrifta.

Det presiserast at det gjeld interkommunalt samarbeid om oppgåveløysing knytt til dokumentasjon og arkiv som skal bevarast for ettertida og som kommunane har plikt til å overføre til ein ordning for langtidsbevaring. Eit framlegg til ny arkivlov blei lagt fram for Stortinget 28. februar 2025, sjå Prop 52 L (2024-2025). Det er venta at Stortinget vedtek ei ny arkivlov før sommaren 2025 og at lova trer i kraft i 2026. Pliktane til kommunane vil dermed følgje av den nye lova, sjå framlegget til ny arkivlov § 12 tredje ledd og § 14 andre ledd.

Ein legg til grunn at avgrensinga av oppgåveløysinga er fastsett i arkivfagleg samanheng og at det ikkje er behov for å presisere dette nærare i forskrifta.

Videre er området presisert til å gjelde forsøk etter forsøkslova og at det gjeld eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova slik dette er regulert i lova sitt kapittel 20.

Til § 2

I § 2 presiserast at ein set i verk forsøket for å gje ny erfaring med ein etablert samarbeidsmodell. Samarbeidet i form av eit kommunalt oppgåvefellesskap er i seg sjølv allereie godt innarbeidd, men det er viktig å kunne samle erfaring om andre organisasjonsformer som gjeld samarbeid på tvers av kommunenivåa på felt der dei konkrete oppgåvene og regelverk for kommunar og fylkeskommunar er nær samanfallande.

Til § 3

Føresegna presiserer at kommunelova gjeld med dei unntak, presiseringar, tilføyningar eller endringar som følgjer av denne forskrifta.

Til § 4

I § 4 presiserast meir detaljert akkurat kva for eit vilkår – kva for ei avgrensing – i kommunelova ein treng unntak frå. Akkurat når det gjeld samarbeidsforma «vertskommune» er det i lova avgrensa mot samarbeid på tvers av kommunenivåa slik at eit samarbeid ikkje utan vidare kan femne både kommunenivå og fylkeskommunenivå. Når det gjeld det konkrete arkivsamarbeidet slår ikkje grunngjevinga for denne avgrensinga i lova til og det er difor tenleg å forsøke denne samarbeidsforma også der ulike kommunale nivå er med.

Videre slår ein fast at alle dei andre vilkåra i dette kapittelet i kommunelova gjeld utan endring.

Til § 5

Forsøksperioden er i tråd med forsøkslova § 3 tredje ledd som hovudregel inntil fire år.